



Areal- og naturforvaltning Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/4808 - 25/14920	Johnny Loen - 712 80 243	11.02.2025
PLAN-	21.01.2025			
	25/00010			

Surnadal kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Galtmettet høgdebasseng - gbnr 36/72 - fråsegn til varsel om oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld regulering av eit mindre område med sikte på å sikre vassforsyning i ein del av kommunen.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Planområdet er avgrensa, og er i kommuneplan dels avsett til føremålet, med bakgrunn i at det allereie er kommunaltekniske anlegg på staden. Vi har ikkje vesentlege merknader av planfagleg karakter.

Samferdsel

Fylkesveg 670 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 1547 køyretøy, og fartsgrense 80 km/t. Fylkesvegen er i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser gitt haldningsklasse «meget streng» og ei generell byggegrense på 50 meter målt frå senterlinje fylkesveg.

Planområdet er knytt til fylkesveg 670 via den kommunale vegen Skeisnebba. Ein må i planomtalen ta stilling til og vurdere om kryss mellom fv 670 og den kommunale vegen er tilstrekkeleg utforma og dimensjonert slik at det vil tolle den auka trafikken reguleringsplanen vil kunne medføre. Det må mellom anna bli vurdert om siktforholda i krysset oppfyller krava i Statens vegvesen si handbok N100. Eventuelle behov for utbetring må bli sikra gjennom rekkefølgekrav i planføresegnene.

Framtidig gang- og sykkelveg

Det er avsett framtidig gang- og sykkelveg i kommuneplanen sin arealdel langs fylkesveg 670 forbi planområdet. Planforslaget må ikkje legge opp til løysingar som vanskeleggjer regulering og opparbeiding av eit slik tiltak.

Byggegrense

Byggegrensene skal ta i vare trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen, her under vegtrafikkstøy. Vi ber kommunen gjere ei vurdering av kva fylkesvegen si byggegrense bør vere i denne detaljreguleringa, og vi vil vidare komme med meir konkrete tilbakemeldingar etter ei slik vurdering. Vi vil kunne akseptere ei mindre byggegrense enn den generelle byggegrensen på 50 meter, men under føresetnad av at mellom anna følgande omsyn blir ivaretakne:

- Fylkeskommunens eigedom, vegens tryggleikssone og ervervsareal må bli sikra. Ervervsarealet er tryggleikssona + 2 meter, målt frå vegkant.
- Tilstrekkeleg areal blir avsett til regulering og opparbeiding av framtidig gang- og sykkelveg i tråd med krava i handbok N100. På utsida av gang- og sykkelvegen er det behov for minimum 3,5 meter frå kant gang- og sykkelveg til annan veggrunn, dette av omsyn til drift og vedlikehald av framtidig gang- og sykkelveg.

Byggegrensa må bli vist i plankartet, og talfesta helst både i kart og tilhøyrande føresegns.

Renovasjon

Renovasjonsløysing for eigedommen må etablerast utanfor fylkeskommunen sitt vegareal, og

det må vere tilstrekkeleg manøvreringsareal på eigen grunn, slik at det ikkje er nødvendig for renovasjonsbil å rygge på fylkesvegen. Av omsyn til trafikktryggleik vil vi ikkje kunne akseptere ei løysing som inneber rygging på fylkesvegen eller stans på fortau/gang- og sykkelveg.

Automatisk freda kulturminne

Området ber preg av tidlegare gravne dreneringsgrøfter og at området har vore hogstfelt. Vi er ikkje kjende med at det er registrert automatisk freda kulturminne i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, særleg om det dukkar opp restar etter tidlegare kavlveg i området, så pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd. Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeide om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det blir overhalde.

KONKLUSJON

Planen må ta nødvendige omsyn til trafikktryggleik og framtidig gang- og sykkelveg langs fv 670. Vi viser elles til varslingsplikta ved funn av eventuelle kulturminne.

Vi har ikkje andre merknader ved oppstart.

Med helsing

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Møre og

Romsdal



SURNADAL KOMMUNE AREAL OG
NATURFORVALTNING
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Surnadal kommune

Gnr36 bnr72 - detaljregulering for Galtmettet høgdebasseng Uttale til varsel om oppstart

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Varsel om oppstart av detaljreguleringsplanlegging for Galtmettet høgdebasseng er sendt på høyring. Målsettinga med planarbeidet er å legge til rette for etablering av nytt høgdebasseng med tilhøyrande infrastruktur.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)

Vi vil vise til naturmangfaldlova § 7. Det må gå fram av planomtale og saksutgreiing korleis prinsippa i §§ 8-12 i lova er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser av oppstartvarselet at det er gjennomført geotekniske undersøkingar og vurdering av skredfare. Vi føreset at desse vurderingane inngår som ein del av ROS-analysen for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærmare avklaring av reell fare til byggerek. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «[Statlege planretningslinjer for klima og energi](#)» (SPR). Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Konklusjon

Vi ber om at merknadane blir teke omsyn til vidare i planarbeidet.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Yngvild Meinseth
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500	6404	Molde
Postboks 8142 Dep	0033	OSLO

SURNADAL KOMMUNE
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Vår dato: 14.02.2025

Vår ref.: 202502126-2 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: PLAN-25/00010

Saksbehandler: Ole-Jakob Sande/
22959545/ojs@nve.no

NVEs generelle innspill til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Galtmettet høydebasseng - gnr. 36 bnr. 72 i Surnadal kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 21.01.2025.

Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

NVE vil prioritere å gi konkrete innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. På grunn av stor saksmengde i forhold til tilgjengelige ressurser har ikke NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varslene om oppstart til reguleringsplaner. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

NVEs generelle veileder

NVEs [kartbaserte veileder for reguleringsplan](#) er en veileder som leder dere gjennom alle våre fagområder og gir dere verktøy og innspill til hvordan våre tema skal ivaretas i reguleringsplanen. Vårt innspill er at dere går gjennom denne kartbaserte veilederen og bruker den i planarbeidet. Forslagstiller har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi anbefaler også at dere bruker våre internetsider for arealplanlegging. Her er informasjon og veiledning lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>



På NVEs internettsider finner dere også koblinger til veiledere og verktøy. Det ligger også mye arealinformasjon på [NVEs kartløsninger](#).

Meld inn naturfareutredninger

Alle nye naturfareutredninger som er bestilt etter 01.01.2025 er pliktig å melde inn til NVE i henhold til [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Frist for å melde inn er 3 måneder etter at rapport er godkjent av uavhengig kvalitetssikrer eller oppdragsgiver. Det som meldes inn vil bli teknisk gjennomgått av NVE, som deretter oppdaterer den offentlige kartdatabasen. NVE foretar ingen faglig kontroll eller vurdering av det som meldes inn før det legges ut. Vi ønsker fortsatt å få inn naturfareutredninger bestilt før denne datoен. Geotekniske grunnundersøkelser skal leveres inn til NGU via NADAG. Informasjon finnes her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

NVE sin oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen ivaretar nasjonale og vesentlige regionale interesser, jf. [NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. NVE prioriterer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE.

Dere kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saken.

Med hilsen

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt uten underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Mottakere:

SURNADAL KOMMUNE

Kopimottakere:



STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune

SURNADAL KOMMUNE
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Deres ref: PLAN-25/00010
Vår ref: 2025/17507
Dato: 17.02.2025

UTTALELSE TIL VARSEL OM PLANOPPSTART - GALTMETTET HØGDEBASSENG, SURNADAL KOMMUNE

Mattilsynet mottok 22.01.2025 varsel om planoppstart - Galtmettet høgdebasseng, Surnadal kommune.

Om Mattilsynet

Mattilsynet er statlig sektormyndighet for områdene planter, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevann. Som høringsinstans har vi i oppgave å bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innenfor våre forvaltningsområder.

Saken gjelder

Hensikten med planarbeidet er å legge til rette for etablering av nytt høgdebasseng med tilhørende infrastruktur. Bassenget skal sørge for tilstrekkelig vannforsyning og trykk til kommunale abonnenter tilknytt Fauskåa vassverk.

Dagens basseng er et gammelt fjellbasseng. Dette skal erstattes med et plassert rektangulært betongbasseng på 2000 m³ (ca. 25mx20x4m). Det nye skal bygges like ved dagens basseng.

Våre vurderinger:

Dersom det er trekruter for hjortevilt i området, må det sørges for at viltet beskyttes mot unødige påkjenninger og belastninger.

Vi kjenner ikke til andre forhold som vil ha innvirkning på våre forvaltningsområder i denne planen, og har derfor ingen merknader til at det bygges nytt høgdebasseng.

Vi gjør oppmerksom på at bygging av høgdebasseng kan utløse krav om plangodkjenning etter § 18 i drikkevannsforskrifta

Med hilsen

Oddbjørn Heggem
seniorinspektør

Magne Andreas Cartfjord Mo
avdelingssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Surnadal kommune
Teknisk drift

Surnadal 28.01.2025.

NYTT HØGDEMAGASIN FOR FAUSKÅA VASSVERK

Viser til annonsert oppstart av reguleringsplanarbeid for nytt høgdemagasin i Galtmettet i Driva 24.jan.25.

Jeg har ikke innspill til selve planarbeidet, men jeg har tanker omkring plasseringen av nytt magasin og vil meddele dette for kommunen.

Det er mulig det er gjort mer omfattende vurderinger av kvaliteten på dagens fjellmagasin i Galtmettet enn det jeg kjenner til. Ut fra mitt ståsted og kunnskaper om vannforsyningen i Nedre Surnadal, vil jeg meddele noen tanker.

Vannforsyningen ble viet mye oppmerksomhet i min tid i kommunen og nytt høgdebasseng ble flittig diskutert. Den gang var nytt basseng utelukkende tenkt plassert på andre siden av dalen i område Øygardslia. Der ligger også et rør opp til den gamle vannkilden i Øygardslia som kanskje kan brukes til varerør/trekkerør.

Min mening er fortsatt at en plassering av nytt basseng i Øygardslia er den beste løsningen.

Litt om begrunnelsen.

Høgdemagasin har flere funksjoner i vannforsyningen der den viktigste er forsyningssikkerhet med vannreserver ved ledningsbrudd. I tillegg gir magasin hydrauliske fordeler med utjevning av trykket i ledningsnettet. Ut fra mine kunnskaper/erfaringer fra ledningsbrudd på nettet i Nedre Surnadal er den mest sårbar strekningen Skei, Grimsmoen, Sætergarden med mange ledningsbrudd opp gjennom årene. Da vil et basseng må motsatt side i forhold til kilde/Galtmettet være en stor sikkerhet. Dette kjenner kommunen godt til, men jeg mener disse forholdene må tillegges større vekt i vurdering av plasseringen.

I faglitteraturen/lærebøker om vannforsyning er en slik løsning betegnet som et endepunktbasseng og er en sterkt anbefalt løsning.

Nevner her også tidligere arbeidserfaring fra Kristiansund der vannforsyningen (nytt og ferdig i 1980) har en slik løsning for høgdemagasin. Hovedbassengene er plassert i fjell under Kvernberget på innløp på overføring fra kilden Storvatnet og så er et endepunktbasseng plassert i Vanndamman på høyeste punktet på Kirkelandet.

Tanker om utførelsen/rekkefølge

Jeg ville først bygget et nytt høgdemagasin på nordsiden i nærheten av Øygardslia for å sikre basseng på nettet. Deretter kan magasinet i Galtmettet tappes ned for inspeksjon og utbedring vurdert av geolog. Jeg ville brukt noen hundre tusen på fjellsikring og utbedring av lekkasjer ut eller inn fra magasinet. Et fjellmagasin har uansett kvalitet en stor verdi.

Mvh
Inge Skogheim

From: "Robin Tellesbo" <robin.tellesbo@pipelife.com>
Sent: Tue, 18 Feb 2025 09:57:41 +0100
To: "Berit Okstad" <berit.okstad@surnadal.kommune.no>
Subject: VS: Varsel om planoppstart
Attachments: _ PLAN-25_00010-2 Varsel om planoppstart - Galtmettet høydebasseng
245526_3_1.PDF.pdf

Hei Berit,

Beklager sen/fraværende tilbakemelding på mail og telefon.

Jeg leste mailen her om dagen og delte den med Skeisnebba veiforening. Her har vi ikke store innvendinger på planoppstarten for nytt høydebasseng.

Var kun nevnt renovasjons-kontainerne, hvor disse evt. ble flyttet. Ang. dette fikk jeg en foreløpig orientering ang. dette med Kåre Dragset. Opplysningene er delt med veiforeningen.

Så Skeisnebba veiforening har ingen innvendinger på dette prosjektet (Kåre D. sa det var godt nok at jeg sendte dette til deg).

Mvh
Robin
